



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

02/03214-007
014731/05 OMT

Arkivkode

V11

Stad/Dato

Varhaug, 22.08.2005

HØYRING – ENDRING AV FORSKRIFT OM KVOTEORDNINGA FOR MJØLK

Hå kommune syner til høyringsbrev datert 6. juli 2005 om endring i forskrift om kvoteordninga for mjølk. Hå kommune er ikkje høyringsinstans. Men som den største husdyrkommunen i landet ynskjer vil likevel å kome med ein uttale.

Talet på medlemmer i samdrifter aukast til fleire enn 5 medlemmer, slik regelen er i dag. Det er mange mjølkeprodusentar i distrikta som har små kvotar, gjerne med eit snitt på rundt 50.000 liter. Med så små kvotar er det ynskjeleg at fleire enn 5 medlemmer kan inngå samarbeid for å få ei meir rasjonell endring. Ettersom arbeidskravet til medlemmene i samdriftene er fjerna, har samdriftene endra karakter i høve til tidlegare. Det vil derfor vere naturleg å utvide talet på medlemmer i samdriftene, samstundes som ein held seg innanfor kvotetaket på 750.000 liter pr. samdrift. Dersom talet på medlemmer i samdriftene ikkje vert utvida er vi redde for at mange mindre mjølkeprodusentar vil selje kvotane sine. Hå kommune vil derfor be om at dette vert vurdert no eller i samband med jordbruksforhandlingane i 2006.

Hå kommune vil også be Landbruks- og matdepartementet vurdere direkte kvoteleige som eit alternativ til samdrifter utan arbeidskrav. Samdrifter utan arbeidskrav er indirekte kvoteleige. Ettersom det i dag i mindre grad enn før er eit mål å stimulere til fleire samdrifter, bør kvoteleige vere eit alternativ til samdrifter og kvotekjøp. Det vil kunne føre til større fleksibilitet for mjølkeprodusentane, noko som er ynskjeleg ettersom det er god balanse i mjølkemarknaden.

Dagens reglar om kvotesal har derfor ført til ei kraftig strukturrasjonalisering i landbruket, også i sentrale jordbruksstrok. Det kan vere ei naturleg og ønska utvikling, men Hå kommunen stiller spørsmål om ikkje utviklinga no er i ferd med å gå for langt. Utviklinga er også eit uttrykk for at mange ikkje lenger ser ei framtid i landbruket. Dei ynskjer å kome ut med best mogleg gevinst og sel derfor kvoten.

Med helsing
HÅ KOMMUNE

Lars Kolnes
rådmann

Olav Magne Tonstad
jordbrukssjef